

Eksamen

18.11.2021

HUD3003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Hudpleier/hudpleiar

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderinga	Det blir lagt vekt på i kva grad du viser ein heilskapleg kunnskap, der du vurderer og konkluderer ut frå ein fagleg samanheng og forståing av omgrep. Svaret vil bli vurdert i forhold til desse kompetansemåla: Du skal kunne <ul style="list-style-type: none">• planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige arbeid som hudpleiar• bruke eit utval av tekniske hjelpemiddel i ansikts- og kroppsbehandlingar og vurdere nytteverdien av apparatur• gi råd om behandling av uønskt hårvekst og bruke ulike arbeidsmetodar og apparat• bruke metodar for handbehandling, lakketeknikk og pedikyr og grunngi val av metode• gi råd om korleis ulike kosmetiske produkt verkar kjemisk i og på huda• vurdere hud-, hår- og naglebehandlingar og føre journal

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke till!

Situasjonsbeskriving

Kunden din i dag er Sanna på 35 år.

Under hudanalysen ser du at huden hennes har tydelege solskadar som rynker og pigmenteringar. I tillegg observerer du at huden er stram, fortjukka og flassar litt. Huden er også kald å ta på.

Sanna seier ho har høyrte mykje positivt om anti-aldningsbehandlingar, og at glykolsyrer og apparatbehandling kan vere bra for huden hennes. Ho ønsker å få grundig informasjon om desse behandlingane før du gir henne råd om kva som kan gi best resultat for hudtilstanden hennes.

Heime bruker Sanna ein reins som det står «acne cleanser» på. I tillegg bruker ho ein dag- og nattkrem som er ein lett emulsjon. Ho må smørje seg fleire gonger dagleg, for kremen trekker inn i huden med ein gong, og ho føler seg like tørr etter kort tid.

Sanna ønsker produktrettleiing for komplett hudpleie. Ho er miljøbevisst og opptatt av at produkta ikkje inneheld noko som er skadeleg for naturen.

Sanna er også plagd av nokre mørke hår på haka som ho har nappa sjølv i mange år. Ho har høyrte at epilasjon er ein effektiv metode og ønsker innspel frå deg.

Sanna er ei aktiv dame som liker å halde på i hagen og ha det reint og ryddig heime. Ho slit med at neglene flakar seg. Om nokre veker skal ho i eit bryllaup og ho ønsker seg stelte negler for anledninga. I samband med det ønsker ho råd og produktrettleiing og vil gjerne komme til ein manikyr rett før bryllaupet.

Oppgåve 1

- a) Lag eit hudbehandlingsopplegg for Sanna ut frå situasjonsbeskrivinga og ønska hennar.
- b) Gi råd om produkt til heimebruk, og vurder kva for ingrediensar og konsistensar som verkar best i og på huda til Sanna.
- c) Kva for apparat ville du brukt i salongbehandlingane for Sanna? Drøft svaret ditt.

Oppgåve 2

- a) Forklar kva for epilasjonsmetodar som kan passe for dei mørke håra Sanna har på haka.
- b) Vurder korleis ho best blir kvitt desse håra sett i lys av at ho har nappa dei i mange år.

Oppgåve 3

Gi Sanna råd om korleis hun kan stelle neglene heime, og kva produkt ho bør bruke for å nå målet sitt om stelte negler til bryllaupet.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderingen	Det blir lagt vekt på i hvilken grad du viser en helhetlig kunnskap, der du vurderer og konkluderer ut fra en faglig sammenheng og begrepsforståelse. Besvarelsen vil bli vurdert i forhold til disse kompetansemålene: Du skal kunne <ul style="list-style-type: none">• planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere eget arbeid som hudpleier• bruke et utvalg av tekniske hjelpemidler i ansikts- og kroppsbehandlinger og vurdere nytteverdien av apparatur• gi råd om behandling av uønsket hårvekst og bruke ulike arbeidsmetoder og apparater• bruke metoder for håndbehandling, lakketeknikk og pedikyr og grunngi valg av metode• gi råd om hvordan ulike kosmetiske produkter virker kjemisk i og på huden• vurdere hud-, hår- og neglebehandlinger og føre journal

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke till!

Situasjonsbeskrivelse

Kunden din i dag er Sanna på 35 år.

Under hudanalysen ser du at huden hennes har tydelige solskader som rynker og pigmenteringer. I tillegg observerer du at huden er stram, fortykket og flasser litt. Den er også kald å ta på.

Sanna sier hun har hørt mye positivt om anti-aldningsbehandlinger, og at glykolsyrer og apparatbehandling kan være bra for huden hennes. Hun ønsker å få grundig informasjon om disse behandlingene før du gir henne råd om hva som kan gi best resultat for hudtilstanden hennes.

Hjemme bruker Sanna en rens som det står «acne cleanser» på. I tillegg bruker hun en dag- og nattekrem som er en lett emulsjon. Hun må smøre seg flere ganger daglig, for kremen trekker inn i huden med en gang, og hun føler seg like tørr etter kort tid.

Sanna ønsker produktveiledning for komplett hudpleie. Hun er miljøbevisst og opptatt av at produktene ikke inneholder noe som er skadelig for naturen.

Sanna er også plaget av noen mørke hår på haken som hun har nappet selv i mange år. Hun har hørt at epilasjon er en effektiv metode og ønsker innspill fra deg.

Sanna er en aktiv dame som liker å holde på i hagen og ha det rent og ryddig hjemme. Hun sliter med at neglene flaker seg. Om noen uker skal hun i et bryllup og hun ønsker seg stelte negler for anledningen. I den forbindelse ønsker hun råd og produktveiledning og vil gjerne komme til en manikyr rett før bryllupet.

Oppgave 1



- a) Lag et hudbehandlingsopplegg for Sanna ut fra situasjonsbeskrivelsen og ønskene hennes.
- b) Gi råd om produkter til hjemmebruk, og vurder hvilke ingredienser og konsistenser som virker best i og på Sannas hud.
- c) Hvilke apparater ville du brukt i salongbehandlingene for Sanna? Drøft svaret ditt.

Oppgave 2

- a) Forklar hvilke epilasjonsmetoder som kan passe for de mørke hårene Sanna har på haken.
- b) Vurder hvordan hun best blir kvitt disse hårene sett i lys av at hun har nappet dem i mange år.

Oppgave 3

Gi Sanna råd om hvordan hun kan stelle neglene hjemme, og hvilke produkter hun bør bruke for å nå målet sitt om stelte negler til bryllupet.



www.vigoiks.no/eksamen